



Jørpeland 15. mars 2017

## Høyringsuttale frå Strand kyrkjeleg fellesråd

### **Strand kyrkjeleg fellesråd vedtok på møte 15. mars (sak 18/17) å støtta ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.**

Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ønskjer (modifisert modell 3).

Denne valordninga:

- Tar § 2 i Kyrkjelova på alvor: "Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne".
- Demokratisk, og i samsvar med ordningane i europeiske og nordiske kyrkjer.
- Brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- Dei fire hovudelementa i bispetenesta er ivaretatt (s. 6 i høyringsnotatet).
- Einskap i sokn og bispedømme blir best ivaretatt, og blir ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- I samsvar med tidlegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømmet som Strand kyrkjeleg fellesråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Strand kyrkjeleg fellesråd sekundært ei valordning gjort greie for i modell 3.

Preses er primært leiande biskop og leiar bispemøtet. Ho/han har også Nidaros domprosti som sitt tilsynsområde, etter gjeldande reglar. Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at preses sin nasjonale rolle er den viktige, og derfor skal ikkje sokneråd og tilsette i Nidaros domprosti røysta. Strand kyrkjelege fellesråd meiner også at bispemøtet bør med ved det endelege valet og ikkje berre ved nominasjon.

*Trond Hjorteland*

*Kyrkjeverje  
Strand kyrkjeleg fellesråd*